

## Naturtyper

Utskriftsdato: 16.01.2022

### Nordre Kopperdal naturbeitemark

<b>ID</b>	BN00103956
<b>Naturtype</b>	Naturbeitemark
<b>Utforming</b>	Frisk fattigeng beitet
<b>Verdi</b>	Viktig
<b>Utvalgt naturtype</b>	-
<b>Registreringsdato</b>	03.10.2013
<b>Hevdstatus</b>	Svak hevd
<b>Forvaltningsplan</b>	Nei
<b>Forvaltningsavtale</b>	Nei
<b>Forvaltningsavtale - Inngått</b>	-
<b>Forvaltningsavtale - utløper</b>	-
<b>Verdi begrunnelse</b>	Etter vurderingskriteria for naturbeitemark skårar lokaliteten lågt på artsmangfald og funn av raudlisteartar, høgt på storleik (> 2 daa) og middels til høgt på tilstand og hevd. Samla verdi blir vurdert til B - viktig. Potensialet for funn av raudlista beitemarkssoppar er vektlagt noko.
<b>Innledning</b>	Omtalen er skriven av Dag Holtan, basert på eige feltarbeid 03.10.2013 saman med Olav Overvoll (FMHO). Registreringa vart gjort i samband med supplerande kartlegging og kvalitetssikring av verdifulle naturtypar i Meland og delar av Lindås kommune, på oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland.
<b>Beliggenhet og naturgrunnlag</b>	Lokaliteten ligg ved Kopperdal, ca. 3,5 km nordaust for Knarvik. Den omfattar øvre del av ei naturbeitemark på austsida av vegen. Nedst er det gradvis overgang mot meir gjødselpåverka areal, elles grensar lokaliteten mot bjørkeskog. Området ligg i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen har både gabbro og kvartsbergartar, og skulle vere noko næringsrik.
<b>Naturtyper og utforminger</b>	Området førast til D04 naturbeitemark, i hovudsak med utforminga D0404 frisk fattigeng. Gulaks-engkveineng og sølvbunkeeng er klart vanlegaste vegetasjonstypar, men her er òg innslag av magrare finnskjøggeng. Delar av marka har eit visst hagemarkspreg, med bjørk, hassel, osp, rogn og selje i tillegg til tre ganske store, styva almetre.
<b>Artsmangfold</b>	Av karplantar kan nemnast blålokke, blåknapp, engkvein, geitsvingel, gulaks, fjellmarikåpe, kystgrisøyre, kystmaure, lækjeveronika, smalkjempe, sølvbunke, tepperot, tiriltunge og vanleg arve. Det var truleg eit dårleg år for beitemarkssopp i 2013, og berre limvokssopp og mønjevokssopp vart funne. Marka har heilt klart potensial for funn av mange fleire, truleg også sjeldnare eller raudlista artar. På selje og alm veks m.a. buktporelav og rund porelav.
<b>Påvirkning</b>	Lokaliteten blir beita med sau, men beitetrykket er kanskje litt svakt. Delområde gror likevel til med einer. Det ser ikkje ut til at her har vore gjødsling på ei tid, noko som m.a. parti med med finnskjøggeng tyder på. Ein bør halde fram med krattrydding (mest einer).
<b>Fremmede arter</b>	Ingen påvist.
<b>Råd om skjøtsel og hensyn</b>	Skal lokaliteten ha verdi som naturbeitemark i framtida må beitinga halde fram, helst også slått, og det må ikkje gjødsling. Rydding av kratt er også ønskeleg.
<b>Landskap</b>	Det finst mange liknande lokalitetar i Lindås, men mange er i ferd med å gro att.
<b>Areal fra kartobjekt (daa)</b>	20,0
<b>Kommuner</b>	4631 (Alver)
<b>Kilder</b>	Holtan, D. og Overvoll, O. 2013.